



Rektor Kaldestad igang med å dikta

**Om eg var himmelen  
og du var ein dråpe  
ville eg vera med deg  
gjennom dagen**

**Nei, dette er ikkje eit av dikta til debutant og uskedeling  
Mona Vetrhus. Det er derimot eit spontandikt av rektor  
Marie Elisabeth Kaldestad ved skulen i Uskedalen, forfatta  
under fagdagen som har kreativ skiving som tema og som  
har to høgskulelærarar frå Nynorsksenteret i Volda som  
førelesarar. Og rektor var sterkt inspirert av høgskulelærer  
Liv Kristin Bjørlykke Øvereng som presenterte dette diktet  
ho hadde laga:**



Fagdagen har fått god oppslutnad

**Om eg var ei marihøne  
og du var ei ferge  
då ville eg sitja på kanten  
og vera med over fjorden**



Lærarane frå Mauranger roser opplegget

Det er mange pedagogiske vinklar å opna inn til skrivekunsten og litteraturen og då ikkje minst lyrikk er ein av dei. Skulen her i



bygda med rektor i spissen har leseutvikling som eit prioritert område. Det kjem mellom anna til uttrykk ved sterk satsing på biblioteket som no tek til å bli svært bra, ikkje minst med sikte på dei 2 lågaste klassane. Til kjøp av bøker har dei fått 15 000 frå Nynorsksenteret.



Duoen frå Nynorsksenteret er imponert over satsinga på lesing i Uskedalen

Det er registrert klager i den seinare tid over at det framleis er altfor lite litteratur på nynorsk, men Bjørlykke Øvereng er ikkje samd i dette. Det er heller marknadsføringa det skortar på, meiner ho og kollega Marit Wadsten. Dei er imponert over det skulen gjer på dette området.

Fagdagen er eit ledd i skrivesatsinga og i den deltek det 20 med 2 av lærarane ved Maurangerskulen som dei mest langvegsfarande. Hanne Sandvik og Aslaug Hjelmeland seier allereie etter første økta at opplegget er kjekt og at dei får mange gode tips. Malmanger og den vidaregåande skulen er også representert ved sida av Uskedalens eigne lærarar.

Skulen vår har også eit prosjekt for dei 2 lågaste klassene og under fagdagen er det presentert ei imponerande samling av

kva elevene også på dei andre trinna har prestert i den seinare tid.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Skriveøkta i full gang